



Det er mange Uskedalsmotiv i det nye biletspelet, og Ulvanåso står naturleg nok sentralt. Dette biletet vart teke 1. juni i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det nye biletspelet Drama i berg er synt for fyrste gong og inneheld mange Uskedalsmotiv. Manus og regi er av Randi Storås og Jan Rabben frå Stord har vore fotograf. Biletspelet vert synt dagleg i Folgefonna nasjonalparksenter i Rosendal.

Drama i berg fortel om korleis Folgefonnhalvøya har vorte til gjennom tiltals millionar år. Gjennom rundt 40 istider får vi innsyn i korleis rennande vatn og is har forma dalane og fjordane våre. Mange av motiva er hente frå Uskedalen og fjella omkring.

Vi merkar oss særleg moreneryggen på Langhaugane, Ulvanåso, Skorpo, Storsund og sjølve dalføret. Det er uvisst om jettegrytemotiva er henta frå skorpo/Ljosmye, men mykje tyder på det.

Lengda på biletspelet er 20 minuttar. Teksten er fri for vanskelege faglege uttrykk. Alle uansett alder kan sjå og få utbytte av spelet.

På sikt skal det lagast ei karttilvising der lokalitetane vert plassert på rett plass i landskapet.

Programmet inspirerar til oppdagsingsferder på halvøya.

Av Kristian O. Bringedal



Dette er moreneryggen på Langhaugane, som er ofra merksemd i programmet. (Foto: Kristian O. Bringedal)